



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 12.02.2014

Sak nr.: 14/465-5

Internt l.nr.: 5381/14

Sak: 10/14

Tittel: Høring - Ferjeruter Anda - Lote ved neste kontraktsperiode

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Opsjonen på ferjesambandet bør ikkje nyttast. Ny kontraktsperiode bør vere frå januar 2017.
2. Det må leggjast til rette for ei 2-ferjeløysing med 20 minutt avgangar på ferjestrekka Anda-Lote i tidsrommet kl. 07.00 - 19.00. I tidsrommet kl. 19.00 - 07.00 må rutetilbodet vere som i forslaget til nye ruter frå Statens Vegvesen (SVV).
3. Dersom det ikkje vert valt ei 2-ferjeløysing, må det vere tilgjengeleg reserveferje som er klar til å setjast i trafikk innan 6 timar.
4. Det må vere tilstrekkeleg rom i rutetabellen slik at det er høve til å køyre seg inn att i ruta ved mindre forseinkingar.

Endringsframlegg:

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg til tillegg i punkt 2:

Det må leggjast inn meir faste og reglemessige avgangar natt til søndag.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen med tillegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Opsjonen på ferjesambandet bør ikkje nyttast. Ny kontraktsperiode bør vere frå januar 2017.

- 2 Det må leggjast til rette for ei 2-ferjeløysing med 20 minutts avgangar på ferjestrekka Anda-Lote i tidsrommet kl. 07.00 - 19.00. I tidsrommet kl. 19.00 - 07.00 må rutetilbodet vere som i forslaget til nye ruter frå Statens Vegvesen (SVV). Det må leggjast inn meir faste og reglemessige avgangar natt til søndag.
- 3 Dersom det ikkje vert valt ei 2-ferjeløysing, må det vere tilgjengeleg reserveferje som er klar til å setjast i trafikk innan 6 timar.
- 4 Det må vere tilstrekkeleg rom i rutetabellen slik at det er høve til å køyre seg inn att i ruta ved mindre forseinkingar.